

4 uskedelingar i bussbrann

20.04.2010

**To par frå Uskedalen - familiare Framnes og Erdal - var ombord då motoren i bussen deira tok fyr under heimreise frå Genova i Italia i dag.
Alle måtte evakuerast, men ingen vart skada og dei kunne reise vidare med ein ny buss ved 18-tida.
Uskedelingane var med på tur med Haugesundfirmaet Nytt & Nyttig til Italia sist måndag og skulle etter planen ha reist heim med fly i går.**

Men dei måtte hentast med buss på grunn av vulkanutbrotet, melder HusnesNett.
Det måtte rekvirerast 3 bussar for å få selskapet heim til Haugalandet og Sunnhordland..